

# KVAMSØY BARNEHAGE



ÅRSPLAN 2024-2025

Trygt og godt

## **Innhald**

KVAMSØY BARNEHAGE .....	1
Velkommen til nytt barnehageår! .....	4
Barnehagelova .....	5
Rammeplan for barnehagen .....	6
Kvamsøy barnehage .....	7
Felles visjon for barnehagane i Sande .....	8
Samarbeid barnehage/skule/heim .....	8
Foreldremøte .....	8
Foreldresamtalar .....	8
Praktiske opplysninger .....	9
Foreldrebetaling: .....	9
Fråvær: .....	9
Mat: .....	9
Sjukdom: .....	10
Kle: .....	10
Bursdagar: .....	10
Soving: .....	10
Informasjon heim: .....	10
Førskuleopplegg: .....	10
Planleggingsdagar: .....	11
Sommarferie 2025 .....	11

Vurdering/dokumentasjon.....	11
Kartlegging.....	12
Samarbeidsinstansar .....	12
Tryggleik: .....	12
Forsikringar.....	12
Val av FAU og SU .....	13
Foreldresamarbeid .....	14
Satsingsområde .....	15
Sosial kompetanse.....	15
PALS.....	16
Realfag.....	17
Kommunikasjon, språk og tekst .....	17
Språk og lesing-ASK: .....	19
<b>Inkludering.....</b>	<b>19</b>
Barna sin medverknad.....	20
.....	21
Turdag.....	21
SFO.....	21
Samarbeid mellom heim og barnehage: Vigilo .....	22
BTI og BTS – betre tverrfagleg innsats og betre tverrfagleg samhandling.....	23
Tilsette ved Kvamsøy barnehage.....	24
Telefonnummer til Kvamsøy barnehage .....	24

## **Velkommen til nytt barnehageår!**

Vi ønskjer alle føresette og barn velkomne til eit nytt, og innhaldsrikt år i Kvamsøy barnehage.

Verksemda i barnehagen er basert på *Lov om barnehagar* og *Rammeplan for barnehagar*. I barnehagelova finn vi det regelverket som gjeld barnehagen. Rammeplanen er ei forskrift til lova som gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåve. Desse to dokumenta utgjer barnehagen sitt samfunnsmandat. Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument, og er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval. Planen er eit forpliktande arbeidsverktøy for personalet, og eit dokument som viser foreldra kva tilbod barna får i barnehagen.

Innanfor desse rammene har den pedagogiske leiaren, i samarbeid med sine medarbeidrarar og barna på avdelingane, stor handlingsfridom. Dei brukar seg sjølve, sin kunnskap og erfaring for å skape gode dagar fulle av gode barndomsminne, tilpassa det einskilde barn.

Den pedagogiske leiaren lagar *månadsplanar* for kvar månad. Desse blir sendt heim via Vigilo, samt at dei blir hengt opp i garderoben. De som foreldre kan dermed dykk oppdatert på kva barnet ditt skal vere med på, og det er eit godt utgangspunkt for gode samtalar når dagen er over. På neste månadsplan kjem månadsbrevet der leiaren refererer til månaden som har vore. Vi har som mål å stadig vere i utvikling, og gler oss til å starte på eit nytt barnehageår!

Kvamsøy barnehage september 2024

Ragnhild Våge Støyle  
-einingsleiar-

## Barnehagelova

I følgje barnehagelova skal barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv, og tradisjon. Viktige verdiar er respekt for menneskeverdet og naturen, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitene.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskarterong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.



Barnehagen har eit ansvar for å følge med på korleis alle barna har det. Alle tilsette har ei plikt til å gripe inn, dersom eit barn ikkje har det bra.

Barnehagen må undersøke, og sette inn tiltak dersom eit barn ikkje har det bra. Alle som jobbar i barnehagen skal melde frå til styrer, dersom dei får mistanke om eit barn ikkje har det trygt og godt.

Vil du lese meir om barnehagelova og rammeplanen finn du dei på <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

## Rammeplan for barnehagen


I følgje rammeplanen skal innhaldet i barnehagen vere **allsidig, variert og tilpassa enkeltbarn og barnegruppa**. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng, og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

**Omsorg** er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert. Dei skal få den hjelpa og støtta dei har behov for, og personalet skal leggje til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve.

**Leiken** skal ha ein sentral plass i barnehagen, der eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik, både åleine og saman med andre.

**Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.**

Barnehagen sitt innhald skal vere allsidig og variert, og årsplanen vår byggjer på barnehagelova og føringane i rammeplanen.



## Kvamsøy barnehage

Barnehagen er ein del av Kvamsøy oppvekstsenter, og held til i eigne lokale i tilknyting til skule og gymsal. Vi har fine friområde like ved, ei grillhytte oppe i skogen som vi kan nytte, og flott terreng til tur og utflykter. Vi legg stor vekt på å skape gode kvardagar for barna der tryggleik, fellesskap, omsorg og det å bry seg om kvarandre står sentralt. Vi vil vere tydelege og nære vaksne for barna, og gje dei trygge rammer.

Kvamsøy barnehage skal vere ein god stad å vere for både små og store, og vi legg vekt på gode naturopplevingar året rundt. Barna skal oppleve glede, og føle seg viktige og velkomne hjå oss. Vi vil skape gode barndomsminne ved å bry oss om kvarandre, vere ein del av eit fellesskap og føle at eg er OK - uavhengig av prestasjonar.

Vi vil:

- Ha fokus på **gode, trygge og stabile** rammer for barn, foreldre og tilsette.
- At dagane er prega av **glede, humor, leik og trivsel**.
- Gripe dagen, og **utvikle** oss i takt med samfunnet.

**Opningstida til barnehagen er frå kl. 07.15-16.30 måndag til fredag.** Dersom nokon har behov for lengre opningstid ein dag må dei gi beskjed til personalet seinast dagen før.

**Telefonnummeret til barnehagen er: 90983618 Einingsleiar sitt telefonnummer er: 48100454.**

Kvamsøy barnehage skal vere ein brukartilpassa barnehage med barnet i sentrum. Vi skal ha fokus på gode, trygge og stabile rammer for barn, foreldre og tilsette der dagane er prega av glede, humor, leik og trivsel. Barna skal få gode lærings- og utviklingsmoglegheiter, og dei vaksne skal utvikle seg i takt med samfunnet. Utan god **omsorg** og **leik**, kan vi ikkje fremme **læring** og **danning**. Desse **fire nøkkelorda** går hand i hand, gjennom alle aktivitetar i barnehagen.



## Felles visjon for barnehagane i Sande

«Barnehagane i Sande kommune vil i samarbeid med heimen gi barna ein trygg start på den livslange læringa i utdanningssystemet. Vi vil gi dei erfaringar og opplevingar som fører til ei positiv tilknyting til nærmiljøet, og gjere dei i stand til å ta vare på seg sjølve og kvarandre»

## Samarbeid barnehage/skule/heim

Kvamsøy barnehage og Kvamsøy skule vil samarbeide på nokre område. Vi vil besøkje kvarandre – der elevane i skulen les, fortel eventyr eller leikar saman med barna i barnehagen.

I Sande kommune har vi ein felles plan når det gjeld overgang barnehage/skule. Eit godt samarbeid mellom barnehage og skule er viktig for at barnet skal få ein god start på skuleløpet sitt. Kvamsøy skule har førskuledagar i mai det året barnet skal byrje på skule. Barnehagen må innhente løyve frå foreldra for å gi informasjon om barnet til skulen. I løpet av mai/juni har barnehagen og skulen eit samarbeidsmøte i høve førskulebarna. På dette møtet er som regel einingsleiar, kontaktlærar og pedagogisk leiar til stades.

## Foreldremøte

Vi har i utgangspunktet eit foreldremøte på hausten.

## Foreldresamtalar

Foreldre vil få tilbod om to foreldresamtalar per år. Ein på hausten og ein på våren. Samtalen på hausten er obligatorisk, medan den på våren er frivillig dersom ikkje personalet meiner noko anna. Dei som har førskulebarn skal på begge samtalane. Det er individuelle samtalar der foreldre og pedagogisk leiar utvekslar informasjon om barnet. Vi reknar 30 minutt per samtale.

## Praktiske opplysningar

### Foreldrebetaling:

- De betalar for elleve månadar i løpet av eit barnehageår. Foreldrebetalinga forfall rundt 20. i månaden.
- Det er Sande kommune som sender ut faktura.
- Manglande foreldrebetaling fører til inkasso og oppseiling av plass.
- Om ein ynskjer å seie opp plassen er det ein månaders oppseilingstid. Det er ikkje høve til å ta ut barn etter 1. april utan å måtte betale for heile barnehageåret.

Barn som har delte plassar kan kjøpe ekstra dag dersom det passar. Vi må vite det nokre dagar på førehand. Ta kontakt med personalet dersom det er aktuelt. Personalet vurderer situasjonen ut i frå talet på barn og tilsette. Dette blir fakturert av Sande kommune. Om ein ynskjer å seie opp plassen er det ein månaders oppseilingstid. Det er ikkje høve til å ta ut barn etter 1. april utan å måtte betale for heile barnehageåret.

**Med det vi veit pr.idag er Kvamsøy barnehage stengd julafta og nyttårsafta og i romjula. Det same gjeld onsdag før skjærtorsdag.**

### Fråvær:

Dersom barnet er sjuk eller skal ha fri, **skal** vi ha beskjed om dette. Det er også fint om de gir beskjed dersom barnet kjem seinare enn kl. 09.00 eller blir henta tidlegare enn vanleg, i tilfelle vi skal på tur eller liknande. Blir barnet henta av andre enn foreldra, skal barnehagen ha informasjon om kven. Gi beskjed ved levering eller send ei melding.

### Mat:

Frukost, lunsj og ettermiddagsmåltid får barna i barnehagen. Frukost er frå kl. 07.30-09.00.

## Sjukdom:

Ved sjukdom skal barnet vere heime. Eit barn treng ikkje nødvendigvis å ha feber for å vere sjuke, allmenntilstanden er avgjerande. Ved magevirus (oppkast/diare), **SKAL** barnet vere heime frå barnehagen minst 48 timer etter siste symptom.



## Kle:

Barnet treng kle tilpassa dei ulike årstidene. Dress, regnkle, støvlar, sko, hue, vottar m.m. I korga treng det minst to kle-skift (genserar, t-skjorter, bukser, strømpebukser, lestar og truser). Viktig at alt av kle og sko blir merka med namn! Alle kle skal takast med heim til vask ved behov. Foreldra kjøper bleier til dei som treng det. Personalet gir beskjed når barnet treng meir. Dersom barna treng ulike kremar (solkrem/fuktighetskrem) må de ta med sjølve.

## Bursdagar:

Når barnet har bursdag flaggar vi i barnehagen. Bursdagsbarnet får bursdagskrone og vi syng bursdagssong. Vi serverer is. Foreldra tek ikkje med noko

## Soving:

Barn som skal sove på dagtid må ha med vogn og vognpose tilpassa årstida.

## Informasjon heim:

Vigilo, telefon, e-post, skriftlege beskjedar. Månadsplanen blir sendt på e-post til heimane. I tillegg blir månadsplanen hengt opp i garderoben.

Og vi er ikkje så strikse på Up&og, det er greitt å bruke på dei som skal øve seg på å gå på do. Enklare og dra ned.

## Førskuleopplegg:

Dette barnehageåret har vi ikkje noko barn i førskulegruppa.

## **Planleggingsdagar:**

Måndag 5. august, torsdag 26. september, torsdag 2. januar , tysdag 11. mars og fredag 30. mai . Desse dagane er barnehagen stengd.

## **Sommarferie 2025**

Barnehagen er stengd i veke 28, 29, 30 og 31 – måndag 7. juli til søndag 3. august.

*NB! Det er mest truleg planleggingsdag for neste barnehageår måndag 4. august 2025.*

## **Vurdering/dokumentasjon**

Personalet observerer og vurderer dagleg sitt arbeid. Vi observerer og deltek i barna sine aktivitetar og vurderer våre handlingar, møte og samspel med barna fortløpande. Vurdering skal vere til hjelp for personalet i vidare planlegging. Vurdering kan bidra til å sikre at utviklinga av barnehagen skjer på ein bevisst måte. Både barna, personalet og foreldra har erfaringar og opplevingar frå livet i barnehagen som det er viktig å utnytte aktivt. Det er viktig at barna får delta i vurderinga av sitt eige leike- og læringsmiljø, og oppleve at det dei meiner vert teke på alvor. Observasjon og dokumentasjon utgjer ein viktig del av grunnlaget for ei meir heilskapleg vurdering. Fylgjande skal vurderast:

1. Barna sin trivsel og utvikling, og evne til å utvikle venskap
2. Barnegruppa si fungering i leik og sosialt samspel
3. Barnehagen sine rutinesituasjonar og tradisjonar
4. Vurdering av eigen praksis og samspel barn/vaksne/yrkesetikk
5. Språkleg utvikling
6. Vårt arbeid med sosial kompetanse

Årsplanen skal vurderast og justerast årleg i forhold til samfunnet sine krav til endring og utvikling av barnehagen. Måloppnåing samt vår yrkesetiske ståstad i forhold til pedagogisk grunnsyn skal diskuterast og vurderast. Barnehagen har som mål at foreldra skal vere nøgde med det tilbodet som barnehagen gir.

## Kartlegging

Alle barn utviklar seg i eige tempo på ulike områder. Vi samanliknar difor kvart barn med seg sjølv og si utvikling, på same tid som vi følgjer godt med kvart barn om det treng ekstra stimulering og utfordring. Det er heilt nødvendig for oss som har ansvar for barna sin vekst og utvikling, å ha ulike verkty. Å observere barn er noko som skjer kontinuerleg, å kartlegge barn, gjer vi i samråd med føresette.

Vi brukar registreringsskjema som TRAS (tidleg registrering av språk), ALLE MED (sosial kompetanse) og MIO (matematikk)

## Samarbeidsinstansar

Vi samarbeider med mange instansar for å kunne gi barn det beste i tida fram til skulestart .Våre samarbeidsinstansar er PPT, barnevern, helsestasjon og skulen.

## Tryggleik:

Bilane skal ikkje stå på tomgang medan barna blir levert og henta. Dette er faktorar som vil vere med på å heve barna si sikkerheit. Foreldra til barna i barnehagen brukar parkeringsplassen nord for barnehagen.

## Forsikringar

Gjennom KLP er barn i barnehagen ulukkeforsikra. Forsikringa dekkjer varig medisinske invaliditet, dødsfall på grunn av ulykker og behandlingsutgifter.

## **Val av FAU og SU**

Foreldrerådet sitt arbeidsutval består av ein leiar og ein vara.

Samarbeidsutvalet er eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet består av føresette, tilsette og ein representant frå kommunen. Einingsleiar er sekretær i samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om saker som vedkjem barnehagen. Til dømes vedtektsendringar, opningstider, foreldrebetaling m.m.

### Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) 2024-2025

Lars Kristian Raknes Oksavik (leiar)

Tore Anton Eid Kvamme (medlem)

### Samarbeidsutvalet (SU) 2024-2025

For foreldra: Lars Kristian Raknes Oksavik

For personalet: Marit Nordby Kvamme

For kommunen: Kjell Kvamme. Vara: Møyfrid Ristesund.

Sekretær: Ragnhild Våge Støyle, -einingsleiar-

## **Foreldresamarbeid**

I følgje rammeplanen skal barnehagen gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barnas heim.

Barnehagen skal støtte foreldra i oppsedinga av barna. For å få til dette er vi avhengige av eit nært samarbeid med foreldra som må byggjast på gjensidig tillit, openheit og respekt. Gjensidig informasjon mellom heim og barnehage er viktig for at barna skal få eit best mogeleg tilbod. Vi ynskjer at foreldra skal føle seg trygge for at vi ser barna sine behov og at dei skal ha eit aktivt medansvar for barnehagetilboden. Vi som har arbeidet vårt i barnehagen skal møte føresette og barn på ein høfleg og venleg måte kvar gong dei kjem i barnehagen. Personalet skal arbeide for å finne balanse mellom respekt for foreldra sine prioriteringar og å ivareta barna sine rettigheteier og grunnleggjande fellesverdiar som barnehagen er forplikta til.

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonale har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

## Satsingsområde

Barnehagen skal gje barna grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områder.

**Barnehagen sitt læringsmiljø skal omfatte sju fagområder: (Jfr. Rammeplanen kap.9)**

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Etikk, religion og filosofi



- Nærmiljø og samfunn
- Mengd, rom og form
- Natur, miljø og teknologi



Fagområda vil sjeldan opptre isolert, fleire områder vil ofta vere representert samtidig i eit temaopplegg, og i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet.

## Sosial kompetanse

Kvamsøy barnehage jobbar kvar dag med å styrke barna si sosiale kompetanse og førebyggje og meistre problemåtferd.

Dei vaksne legg vekt på positiv involvering og oppmuntring. Hovudfokuset er å sjå og verdsetje god åtferd. Når barna opplever at dei vaksne set same grenser for korleis ein er mot andre, vil dette i seg sjølv verke førebyggjande. Negativ åtferd skal få milde reaksjonar som er kjende på førehand. Viktig at dei vaksne til ei kvar tid rettar merksemda mot ønska åtferd. Vis respekt, vis omsorg og ta ansvar er stikkord som vert formidla til barna kvar dag.



## PALS

Kvamsøy barnehage er ein PALS barnehage. PALS er ein systematisk arbeidsmodell som er utvikla av åtferdssenteret i Oslo. Målet er å styrkje barna sin sosiale kompetanse og førebyggje og meistre problemåtferd.

PALS står for: **POSITIV Å(A)TFERD, STØTTANDE LÆRINGSMILJØ OG SAMHANDLING**. Dei vaksne skal leggje vekt på positiv involvering og oppmuntring. **Hovudfokuset er å sjå og verdsetje god åtferd.**

Skulen jobbar også med PALS, så dette vil fylge barnet under heile oppveksten, noko som vi ser på som bra!

Grunnleggjande reglar:

### VIS RESPEKT



### VIS OMSORG

### TA ANSVAR



## Realfag

Realfag er ein samlebetegnelse for fag som matematikk, fysikk, kjemi, biologi, astronomi, geofag og informasjonsteknologi.

Arbeid med realfag i barnehagen tek utgangspunkt i Rammeplan for barnehagar og skal vere ut i frå barna sine premissar. Det er først og fremst fagområda «Mengd, rom og form» og «Natur, miljø og teknologi» som gir rammer for barnehagen sitt realfaglege arbeid, men andre fagområde kan også sjåast i samanheng der det er relevant. Barnehagen skal bidra med å styrke kompetansen som det einskilde barn seinare skal vidareutvikle i opplæringa.

Eit undrande, engasjert og leikande tilsette er viktig. Realfag i barnehagen skal vere «leikbasert» lærings. Vi jobbar med realfag både spontant, men også planlagt. Barn skal få utfolde skaparglede, undring og utforskarkrong. Dei skal få grunnleggjande og relevant kunnskap, og utvikle ferdigheiter gjennom dagleglivet sine hendingar i samvær, leik og strukturerte aktivitetar. Målet er å auke barna si lærings- og motivasjon i matematikk og naturfag.



## Kommunikasjon, språk og tekst

I Rammeplanen står det:

*«Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfold av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigkeit, bevisstheit og utvikling»*

Vi tek då utgangspunkt i dei sju fagområda i rammeplanen og satsingsområda til kommunen.

Barna vil få gode erfaringar med naturen, årstidene, ulike material, berekraftig utvikling, miljø og utvikling elles. Dei vil også få erfaring med tal, teljing, mengd, rom og form. Det er også eit godt tema for språket. Mykje spennande å samtale om og undre seg over i fellesskap.

Temaet gir rom for å byggje på kreativitet og leik, samstundes som det er eit tema som er ope for improvisasjon og medverknad for barna. Vi vil variere mellom planlagde og spontane aktivitetar. Ein får også jobbe heilskapleg og tverrfagleg, der ein får sjå dei forskjellege fagområda i rammeplanen i samanheng. Nærmiljøet og lokale forhold vil bli inkludert.

Barna vil få ulike innblikk i ulike tema og høve til å uttrykkje seg på ulike måtar gjennom fysisk aktivitet, forming og opplevingar. Det er også eit mål at dei skal øve seg på å ta initiativ sjølve og at dei skal oppleve meistring gjennom å lære nye ting.

Vi kjem vi til å nytte oss av snakkepakken. Snakkepakken er eit pedagogisk verktøy som er tileigna barnehagar og småskular. Snakkepakken brukast for å styrke barna si språkutvikling og byggjer på sju tematiske områder i barna sin kvardag. Desse områda er mat, kropp, kle, hus, dyr, fargar og eventyr.



## Språk og lesing-ASK:

Barnehagane i Sande vil halde fram med å jobbe med språk og lesing, og vi jobbar vidare med programmet ASK: alternativ og supplerande kommunikasjon. Sandsøy barnehage vil bruke ASK for å modellere og stimulere språket til og for barna.

Vi vil gjennom barnehageåret jobbe med tema der språk og nærmiljøet/naturen blir i fokus. Vi tek då utgangspunkt i dei sju fagområda i rammeplanen og satsingsområda til kommunen. Barna vil få gode erfaringar med naturen, årstidene, ulike material, berekraftig utvikling, miljø og utvikling elles. Dei vil også få erfaring med tal, teljing, mengd, rom og form. Det er også eit godt tema for språket. Mykje spennande å samtale om og undre seg over i fellesskap. Vi held fram med matjungelen der kosthald blir jobba med.

Temaet gir rom for å bygge på kreativitet og leik, samstundes som det er eit tema som er ope for improvisasjon og medverknad for barna. Vi vil variere mellom planlagde og spontane aktivitetar. Ein får også jobbe heilsakleg og tverrfagleg, der ein får sjå dei forskjellege fagområda i rammeplanen i samanheng. Vi legg opp til faste turdagar.

## Inkludering

Inkludering er ei av satsingane i Sande kommune og handlar om at alle skal ha eit trygt, inkluderande og lærande miljø i barnehage og skule. Inkludering handlar om å tilpasse læringsmiljøet til mangfaldet blant barna, og gi alle reell moglegheit til å delta i det faglege og sosiale fellesskapet.

Vi ynskjer at alle skal vere ein del av barnehagen sitt læringsfellesskap. Det inneberer at alle har en oppleving av sosial tilhørsel, og at det pedagogiske tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov og føresetnad, slik at alle får moglegheit til menneskeleg og fagleg utvikling. I arbeidet med inkludering nyttar vi blant anna kompetansepakken om inkluderande praksis ([Kompetansepakke om inkluderende praksis | udir.no](#)) og Mitchells sine ti faktorar i barnehagen (<https://www.statped.no/temaer/inkludering2/david-mitchells-ti-faktorer-i-barnehagen/>).

Fokusområda til kommunen innanfor dette temaet er:

- Språk, kommunikasjon og leseutvikling
- Analyse og kvalitetsutvikling
- Felles forståing for inkluderande praksis
- Lærande profesjonsfellesskap ved bruk av refleksjon som metode

Alle menneske treng å vere ein del av eit fellesskap, og sosial tilhørsel er ei viktig ramme for læring og utvikling både for små og store.

## Barna sin medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §1 og §3, Grunnlova §104 og FN sin barnekonvensjon art.12 nr.1. Ein skal vektlegge synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. (Rammeplanen for barnehagen august 2017).

Medverknad i barnehagen handlar om å gje barna høve til å påverke sin eigen kvardag og barnehagen sitt felles liv. Det enkelte barn må ha innflytelse både på kva som skal skje og korleis det skal gjerast.

Medverknad handlar om å verte spurt, bli lytta til og akseptert som kompetente. Som vaksne må vi la oss påverke og godta at barna sjølv kan ha synspunkt på kva dei har behov for. Barndommen er viktig i seg sjølv. Barn er fullverdige menneske og har rett til å uttale seg om sin eigen kvardag. Barndommen er ei livsfase med eigenverdi i likskap med alle andre fasar i mennesket sitt livsløp. Barna sine meningar skal det takast omsyn til så langt som mogeleg ut i frå barnet sin alder og modning.



Å arbeide med barn sin medverknad, handlar ikkje om å finne fram til bestemte metodar, men om korleis vi som vaksne tenkjer om og ser på barn. Det er haldningane våre som leiar fram til ein medverknadspraksis. Det er barna sitt møte med dei vaksne og barnehagen si organisering som vert avgjerande for om det vert medverknad eller ikkje. Dei vaksne skal ikkje vere "påfyllarar" av kunnskap, men tilretteleggarar for læring og fellesskap.

For å forstå barna må ein undersøke det pedagogiske miljøet barna er i. Dei ulike pedagogiske miljøa er mellom anna dei daglege rutinane barna skal førehalde seg til, innhaldet i barnehagen, romma si utforming og personalet si organisering. (Henta frå Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver mars 2006)

## Turdag

Barna skal gjere seg kjende i nærmiljøet rundt barnehagen, bruke kroppen og få utfalte seg. Vi legg opp til turdag ein dag i veka. Hovudmålet vil også vere å oppleve, sanse og føle glede ved å vere ute. Vi ynskjer at barna skal utvikle god kroppskontroll slik at dei kan få kjensle av å meistre. Dette vil i neste omgang medverke til at dei får positive erfaringar om seg sjølv.

## SFO

Ingen barn har SFO dette barnehageåret.



## Samarbeid mellom heim og barnehage: Vigilo


Frå august 2023 tok Sande kommune i bruk eit nytt oppvekstadministrativt system: Vigilo.

Føresette i barnehagen kan nytte app, eller foreldreportalen på nett. I appen har ein tilgang til informasjon om nyhende, meldingar og fråvær.

Foreldreportalen [www.vigilo.no/Sande](http://www.vigilo.no/Sande) er det som gir føresette best innsyn i informasjonen som ligg for sitt eller sine barn. Ein får tilgang til same informasjonen som i appen, men i tillegg får ein oversikt over barnemappa, samtykker osb.

Eit av formåla med eit oppvekstadministrativt system er å styrke samarbeidet og kommunikasjonen mellom heim og barnehage.

Kvar heim vil få informasjon om korleis ein nyttar systemet, og det skal vere låg terskel for å ta kontakt dersom ein har spørsmål.



## **BTI og BTS – betre tverrfagleg innsats og betre tverrfagleg samhandling**

I Sande kommune skal det vere trygt og godt å vekse opp. Likevel kan det oppstå utfordringar og vanskar som gjer at ikkje alle har det så bra. Derfor arbeider vi med prosjektet BTS - Betre Tverrfagleg Samhandling - i Sande, for å sikre at alle born og unge skal få den hjelpa dei treng. Kommunane er pålagde ved lov å samordne tenestetilbodet på tvers av etatane og tenesteområda. Vi skal samarbeide, og BTS er såleis eit prosjekt for å pålegge og strukturere denne samhandlinga i Sande kommune.

På heimesida til Sande kommune ligg meir informasjon om BTS, både for tilsette og heimane. Målet er å skape godt samarbeid mellom ulike etatar og tenesteområde – til det beste for barnet.



## Tilsette ved Kvamsøy barnehage


Stilling	Namn	Mobil
Einingsleiar	Ragnhild Våge Støyle	48100454
Pedagogisk leiar	Marit Nordby Kvamme	90983618
Assistent	Nida Ristesund	
Assistent	Marte Ristesund Beitveit	

## Telefonnummer til Kvamsøy barnehage

Kvamsøy barnehage	90912879
Kvamsøy oppvekstsenter v/ Ragnhild	48100454

### DAGSRYTME

07.15 Barnehagen opnar  
07.30-09.00 Frukost/Friseik  
09.00 Leik  
09.00.-11.00: Tur  
10.00 Organisert aktivitet  
11.15 Måltid  
12.00 Sovetid/Uteleik  
14.15 Ettermiddagsmåltid  
14.45 Leik ute eller inne  
16.30 Barnehagen stengjer



Årsplanen godkjent i SU 29.09.2024.

